

ELEKTRIFISERING AV OPPDRETTSANLEGG

Søknad om anleggskonsesjon



SØKJAR
Lingalaks AS

PROSJEKTLEIING
H2 Hardanger AS

PROSJEKTNAMN
Elektrifisering Toska Sør

STAD OG DATO
Norheimsund, 22.08.2025



Disposisjon for søknad basert på NVE sin veileder «Veileder for søknad om konsesjon for elektrifisering av fiskeoppdrettsanlegg», sist oppdatert 19.12.2024.

03	22.08.25	Revisjon etter mangelbrev frå NVE, ang naturmangfold og nettkapasitet. Endringar markert med raud tekst.	Arne Lunestad	Olav Mikal Fykse
02	20.03.25	Gjennomgått og godkjent i styringsgruppe	Arne Lunestad	Ingebrigt Ølmheim
01	19.03.25	Søknad om anleggskonsesjon til NVE	Arne Lunestad	Olav Mikal Fykse
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV

Innhald

1	Samandrag	4
2	Beskrivelse av søkjar	5
2.1	Søkjar	5
2.2	Kontaktpersonar hjå søkjar	5
2.3	Eigar- og driftsforhold for omsøkt anlegg	5
3	Kva det blir søkt om konsesjon for	6
3.1	Lovheimel	6
3.2	Beskrivelse av tiltak	6
3.2.1	Tekniske spesifikasjonar og fysisk utforming	6
3.2.2	Geografisk lokasjon	6
3.2.3	Planlagt grensesnitt mot områdekonsesjonær	6
3.2.4	Begrunnelse for geografisk plassering av grensesnitt	7
3.2.5	Kabelføring	8
3.2.6	Nettkapasitet, ev. behov for oppgraderingar av nettet	9
3.2.7	Beskrivelse av eventuelle alternative systemløsninger	9
4	Forarbeid	11
4.1	Havne og farvannsloven og høyring frå off. instansar	11
4.2	Nettselskap	11
4.3	Grunneigar	12
4.4	Planmynde	12
4.4.1	Reguleringsplan for lokalitet	12
4.4.2	Reguleringsplan for ilandføringspunkt:	12
5	Verknader for miljø, naturressursar og samfunn	13
5.1	Beskrivelse av planlagte areal- eller terrenginngrep	13
5.1.1	På land	13
5.1.2	I sjø	13
5.2	Beskriving av verknader av de planlagde anlegga	13
5.2.1	Naturmangfald	13
5.2.2	Forureining, klima og miljømessig sårbarheit	14
5.2.3	Kulturminne	15
5.2.4	Landskap (dersom synlege anlegg eller terrenginngrep)	15
5.2.5	Sikkerheit, ferdsel eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatn	15
5.2.6	Sikkerheit og beredskap for de elektriske anlegga	16
5.2.7	Fiskeriinteresser	16

5.2.8	Eventuelle andre relevante virkninger	16
Vedlegg		17

1 Samandrag

Lingalaks AS søker med dette om anleggskonsesjon for å eige og drifte eit høgspentanlegg for elektrifisering av oppdrettslokaliteten Toska Sør (14018).

Bakgrunnen for å etablere anlegget er av omsyn til helse, arbeidsmiljø, klima og miljø. Lingalaks ynskjer å redusere forbruk av fossilt brensel på anlegga sine og erstatte dette med fornybare energikjelder. Det planlagt å legge ut sjøkabel med ilandføring ved industriområde Kjebogen, for å forsyne forflåten med fornybar elektrisk energi.

Tilkoblingspunktet for 22 kV sjøkabel mot eksisterande straumnett, er planlagt i eksisterande nettstasjon på Kjebogen industriområde. Frå tilkoblingspunktet vil det bli lagt ny 22 kV sjøkabel, med tilkobling mot 22 kV/400 V trafo om bord på forflåten.

Hovudargument for å nytte høgspent kraftoverføring til oppdrettsflåtar er primært kraftbehovet i høve til avstand frå land til flåtens plassering.

Det er i samarbeid med områdekonsesjonær BKK AS planlagt med etablering av 22 kV forsyning frå eksisterande nettstasjon på Kjebogen industriområde og sjøkabel vidare til flåten. Flåte blir utstyrt med 315 KVA 22 kV/400 V transformator. BKK har forsyning frå eige nett til eksisterande nettstasjon med kortslutningsvern for terminering av sjøkabel i nettstasjonen. Trase frå nettstasjon som vist på vedlagte situasjonsplanar er om lag 1600 m langs sjøbotnen opp til flåte.

Det er lagt opp til utføring av tiltaket så snart godkjend anleggskonsesjon føreligg frå NVE. Ein forventar at utføring vil kunne skje i løpet av perioden Q2 2026 til Q3 2026. Ein vil ta omsyn til at det ikkje kan utførast arbeider med legging av kabel i gyteperioden for torsk mellom januar og april.

2 Beskrivelse av søkjar

2.1 Søkjar

Namn:	Lingalaks AS
Adresse:	Grovabrotet 8, 5600 Norheimsund
Organisasjonsnummer:	960 900 626
Type organisasjon:	Aksjeselskap
Verksemd:	Fiskeoppdrett

2.2 Kontaktpersonar hjå søkjar

Lingalaks AS:	Ingebrigt Ølmheim
	Teknisk Sjef
	ingebrigt.olmheim@lingalaks.no
	+47 970 40 338

Alle henvendingar og spørsmål knytta til konsesjonssøknaden kan rettast til:

Firma:	H2 Hardanger AS
Navn:	Arne Lunestad
Tlf:	+47 41402979
E-post:	al@h2hardanger.no

2.3 Eigjar- og driftsforhold for omsøkt anlegg

Tilknytningspunkt mot straumnettet vil vera i eksisterande nettstasjon på Kjebogen industriområde. Industriområde er eigd av Granit Radøy AS, og det føreligg leigeavtale om bruk av kaiområdet, og denne inneheld også rett til trasè og tilkobling for sjøkabel.

Oppdrettslokalitet med trafo er eigd og drifta av Lingalaks AS.

3 Kva det blir søkt om konsesjon for

3.1 Lovheimel

Det blir søkt om anleggskonsesjon etter energilovens §3.1.

3.2 Beskrivelse av tiltak

Søknad om etablering av 22 kV sjøkabel til elektrifisering av forflåte knytta til oppdrettslokaliteten Toska Sør.

3.2.1 Tekniske spesifikasjonar og fysisk utforming

Lingalaks har for tida forespørsel på 22 kV-leveranse ute til prising hjå relevante tilbydarar. Leveransen skal innehalde totalentreprise for komplett 22 kV-leveranse inkludert teknisk dokumentasjon, risikovurdering, detaljprosjektering, materialleveranse og montasje. Det er antatt at komponentar om bord blir levert samla for enkel inn- og ut montering i konteiner med korrosjonsklasse tilpassa dei klimatiske forholda.

Entreprisen omfattar terminering av sjøkabel på kortslutningsvern (effektbryter m/vern) i eksisterande nettstasjon eigd av BKK, legging og oppheng av sjøkabel, levering av 315 KVA 22 kV/400 V trafo inkludert nødvendige vern og varsel i konteiner på høgspenst- og lågspenstside. Lågspenstside leverast med termineringspunkt for 3 fasar + PE + N på 4-polt bryter for 400 V på flåte. Leveransen skal ha nødvendige kapslingar til levert utstyr.

Sjøkabel antas levert som TXVA 3x25Cu dobbeltarmert høgspenst sjøkabel, med ytre diameter på ca 61 mm. Trase for sjøkabel som vist på situasjonsplan er ca. 1600 m langs sjøbotnen opp til flåte.

3.2.2 Geografisk lokasjon

Lingalaks sitt anlegg Toska Sør ligg i Alver kommune, Vestland fylke, nærare bestemt ved Toskeflua i Mangersfjorden.

Områdekonsesjonær (BKK) sin nettstasjon og den del av Lingalaks sitt anlegg som ligger på land, er plassert på Gnr 445, Bnr 10 Alver kommune.

3.2.3 Planlagt grensesnitt mot områdekonsesjonær


Grensesnitt mot områdekonsesjonær BKK AS er definert slik:

Frå og med terminering av sjøkabel på kortslutningsvern (effektbryter m/vern) i eksisterande nettstasjon på Kjebogen industriområde.

Endeleg definisjon på grensesnitt avklarast i dialog med BKK AS og valt leverandør.

3.2.4 Begrunnelse for geografisk plassering av grensesnitt

Planlagt plassering av grensesnitt er valt i samråd med BKK på bakgrunn av nærleik til kaiområde og flåte på oppdrettslokalitet. Plassering vil skje i eksisterende industriområde med bakgrunn i Lingalaks sin eksisterende leigeavtale om bruk av kaiområdet. Leigeavtale inkluderer rett til framføring av kabel og tilkobling i nettstasjon.



Figur 1 - Kartutsnitt med angitt grensesnitt mot BKK



Figur 2 - Eksisterende nettstasjon på Kjebogen industriområde

3.2.5 Kabelføring

Som nevnt i kapittel 0 har Lingalaks for tida ute forespørsel på totalentreprise på 22 kV leveransen. Detaljert plassering av sjøkabel kan dermed bli justert basert på prosjekteringa. Tilkobling mot straumnettet er endeleg definert mot eksisterande nettstasjon.

Tilkoblingspunkt for sjøkabel vil vere i eksisterande nettstasjon på Kjebogen industriområde. Dette vil også vere grensesnitt mellom områdekonsesjonær (BKK) og anleggskonsesjonen til Lingalaks AS.

Frå nettstasjonen vil kabelen liggje i grøft i grunnen, og vidare mot sjø gjennom eksisterande fyllingsfot for industriområdet. Kabelen vil bli spylt ned, eller tildekket i fyrste del av sjøbotnen til tilstrekkeleg djupne er nådd. Deretter vil kabel fylgje topografi på sjøbotnen fram til den forlèt botn for å bli ført opp mot koblingsskap på sjølve forflåten til oppdrettsanlegget.



Figur 3 - Foto fylling mot sjø


Kabel mellom nettstasjon og sjø blir etablert med overdekning og beskyttelse iht relevant REN-blad.

Plassering og utforming av punkt der sjøkabelen forlet sjøbotn for å gå opp til forflåten vil bli avklart i detaljprosjekteringa. Ein antar at det vil bli installert ein form for «riser-system» som har til føremål redusere risiko for punktslitasje og utmatting ved at kabelen blir utsett for repeterte bøyebevegelser, samt gnisnings- og kompresjonsskader ved stamping mot sjøbotnen. Ved å tilføre kabelen ein oppdriftsseksjon kan ein auke kabelens fleksibilitet og fordele bøyebevegelsene over eit vesentleg lengre strekk, og på den måten auke levetida. Kabelen vil truleg også bli forankra til sjøbotnen eller på andre måtar beskytta ved punktet der den forlèt sjøbotn.

På flåten vil det bli etablert eigen plattform for plassering og beskyttelse av høgspenstinstallasjonen og for «hang-off» av sjøkabel slik at denne enkelt kan kobles frå flåten ved utskifting av kabel, flytting av flåte eller liknande. Sjøkabelens ledere og eventuelt fiber vil bli terminert i termineringsskap. Mellom termineringsskap og konteiner med høgspenstutstyr vil det bli trekt nye høgspenstkablar.

Ein viser til vedlagte situasjonsplanar. Samt utklipp frå 3D teikningsgrunnlag utarbeidd etter botnundersøkingar med ROV. Grøn linje angir flåte, medan blå linjer markerer fortøying. Raud

sirkel til venstre angir tilkobling i nettstasjon. Trasè for kabel er angitt med raud strek i utklipp under.



Figur 4 - Utklipp frå 3D botnkartlegging

3.2.6 Nettkapasitet, ev. behov for oppgraderingar av nettet

Det vil bli installert trafostasjon på forflåten med teknisk kapasitet på 350 KVA. Det faktiske behovet er likevel mindre og ein har bedt områdekonsesjonær BKK om eit uttak av 250 KVA. Uttaket skal avgrensast av installerte vern på flåten.

BKK har stadfesta at det er kapasitet i nettet til eit uttak på 250 KVA og har i epost 27.02.2025 gitt eit grovestimat på anleggsbidrag for tilknytning til straumnettet. Saksbehandlar hjå BKK er Kristian Stien Johansen, og saka har saksnummer 226222038 hjå BKK.

Dokumentasjon som stadfestar avtale og dialog med BKK er vedlagt (Vedlegg 12).

3.2.7 Beskrivelse av eventuelle alternative systemløsninger

3.2.7.1 Lågspenstforsyning 400V

Hovudargumentet for å nytte høgspenst kraftoverføring til oppdrettsflåtar er primært fundert i kraftbehovet i høve til avstand frå land til flåtens plassering. For en lågspenst kabel vil en ved estimert forbruk på flåten risikere å ha så høgt spenningsfall i kabelen at teknisk utstyr på flåten tek skade av dette. Dette spenningsfallet er samtidig kraft som selskapet betalar for, men som ikkje kan utnyttast til flåtens utstyr.

H2 Hardanger har i forprosjekt for elektrifisering av Toska Sør berekna at spenningsfall ved 400V lågspenst forsyning:

«250 KVA på 400V forsyning gir ved forenkla berekning 23,7% tap på 1800m 240mm² CU kabel. Spenningsfallet er høgare enn anbefalt.

Det er ved forenkla berekning avklart at spenningsfallet ikkje er akseptabelt.»

3.2.7.2 Lågspenningforsyning 1000V

I stor grad gjeld same argumentasjon for vurdering av både 400V og 1000V. Forsyning med 1000V via nettstasjon er vurdert, men forkasta med bakgrunn i berekning av spenningsfall.


H2 Hardanger har i forprosjekt for elektrifisering av Toska Sør berekna at spenningsfall ved 1000V lågspent forsyning:

«250 KVA på 1000V forsyning gir ved forenkla berekning 3,7% tap på 1800m 240mm² CU kabel. Spenningsfallet er høgare enn anbefalt.

Det er ved forenkla berekning truleg at det vert utfordring med utløysing av vern og selektivitet ved tilgjengelege utløysarstraumar.»

3.2.7.3 Alternative kabeltraséer

Det er totalt vurdert 5 (alternativ A – E) ulike trasear for sjøkabelen. Som forarbeid til søknad etter HFL vart dei 5 ulike alternativa sendt på høyring til Kystverket, Fiskeridirektoratet og Bergen Maritime Museum. Dei same instansane har også gitt sine uttalar i samband med søknaden etter HFL.



Etter dialog med BKK vart det tidleg klart at føretrekt tilkobling mot straumnettet ville vere i området rundt Kjøbogen industriområdet. Altså alternativa C, D eller E.

Alternativ C vart ikkje prioritert då denne traseen kryssar låssettingsplass for fiskeriinteresser.

Med bakgrunn i dette vart alternativa D og E kartlagt med botnundersøking med ROV. Alternativ E framstår som det klart beste, med følgjande argumentasjon:

- Kortaste lengde på kabel
- Unngår potensiell konflikt med forankringsliner til oppdrettsanlegg
- Ilandføring skjer i eksisterande industriområde med utfylling av sprengstein i strandsone
- Ingen nye installasjonar eller kraftlinjer/ kabel på land (eksisterande nettstasjon blir nytta)
- Traseen er undersøkt med ROV og vurdert som OK for utlegging av kabel

Med bakgrunn i dette er det ein tilpassa alternativ E trase som ligg til grunn for konsesjonssøknad.

4 Forarbeid

4.1 Havne og farvannsloven og høyring frå off. instansar

Det er søkt om og gitt løyve etter Havne- og farvannsloven (HFL) §14 for legging av sjøkabelen. Tiltaket berører farled og er såleis behandla av Kystverket. Søknad har vore sendt på høyring til offentlege instansar. Løyve og tilhøyrande uttalar frå offentlege instansar er vedlagt konsesjonssøknad.

I samband med søknad og vurdering av ulike trasèval er det lagt vekt på innspel frå mellom anna Kystverket og kart frå Fiskeridirektoratet.

Det er også gjort undersøking med ROV av sjøbotnen i ei utvida område for å kunne vurdere ulike trasèval. Endeleg val av trasè vart gjort i samband med søknad etter HFL til Kystverket, og framgår av vedlagte teikningsgrunnlag.

4.2 Nettselskap

Områdekonsesjonær er BKK AS. Det er avtalt grensesnitt mellom Lingalaks og BKK i eksisterande nettstasjon på Kjobogen industriområde.

BKK har i forarbeidet til konsesjonssøknaden stadfesta kapasitet i nettet, samt gitt eit grovestimat på anleggsbidrag for tilknytning. Viser også til kapittel 3.2.6.

4.3 Grunneigar

Lingalaks AS har leigeavtale for bruk av kaien på industriområdet Kjobogen med heimelshaver for eigheten Radøy Granit AS. Avtalen inkluderer rett til å leggje sjøkabel for tilknytning straumforsyning til forflåte til oppdrettsanlegget.

Utklipp frå leigeavtale om bruk av kai og legging av sjøkabel i figur under.

11. Særlege forhold:

- Leietaker kan ville trekke kabel fra trafo på land til flåten som betjener anlegget. Det må avklares om der er strømforsyning via eksisterende trafoer på eiendommen. Eventuelle merkostnader som utleier påføres grunnet denne er leietakers ansvar. Kan ikke eksisterende kabler brukes, vil leietaker for egen regning ha rett til å legge kabel på tilvist trase på eiendommen
- Det er anledning til å koble seg på vannforsyning for så vel brakke som flåte. Kostnadene ved dette er leietakers. Koble seg til strøm for brakke.
- I tillegg for å kunne parkere på leiearealet vil leietaker ved siden av tilvist bygg leie 4 parkeringsplasser. Se tegning

Figur 5 - Utklipp frå leigeavtale heimelshaver

4.4 Planmynde

Tiltaket berører to ulike reguleringsplanar. Det er vurdert at sjøkabel og tilkobling mot eksisterande nettstasjon er i tråd med føremålet i plan. Det er med bakgrunn i dette ikkje søkt om dispensasjon for tiltaket.

Alver kommune stadfestar i sin uttale i samband med søknad etter HFL, 27.01.2025, at dei ikkje har merknader til tiltaket.

4.4.1 Reguleringsplan for lokalitet

Gjeldande arealplan er «Akvakulturlokalitet Toska Sør, planID 4631_12602019000400». I føresegnar til reguleringsplan §3.1 er det angitt fylgjande: «...I området er det høve til å føre fram kablar for tilføring av elektrisitet.»

4.4.2 Reguleringsplan for ilandføringspunkt:

Gjeldande arealplan er «Manger Industriområde Kjobogen, planID 4631_12602015000200». Sjøkabel vil ligge i området med føremål «VHS» (Hamneområde i sjø), medan sjølve ilandføringspunktet vil ligge innanfor føremål «SK» (Kai).

5 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

5.1 Beskrivelse av planlagte areal- eller terrenginngrep

5.1.1 På land

Ein nyttar eksisterande nettstasjon som tilkoblingspunkt mot straumnettet, og tiltaket medfører såleis ingen nye installasjonar eller bygningar.

Frå nettstasjon skal Lingalaks etablere grøft for sjøkabel ut i sjø. Kabel vil bli nedgravd gjennom eksisterande fyllingsfot av sprengstein i strandsona, før den truleg vil bli spylt ned dei fyrste metrane ut i sjø, slik at den ikkje er synleg på land eller umiddelbart i strandsona.

I landtaket skal det etablerast varslingskilt om sjøkabel i tråd med vilkår gitt av Kystverket i vedtak om løyve etter Havne- og farvannsloven.

Kun eksisterande nettstasjon og varslingskilt vil vere synleg etter ferdigstilling, men kabeltrasear vil leggje begrensningar på annan arealbruk i framtida.

5.1.2 I sjø

Sjøkabel legges på sjøbotnen som vist på vedlegg 1-4 og blir ført opp til forflåten, der utstyret blir plassert på dekk/plattform. Det antas at kabel blir forankra til sjøbotnen eller beskytta på annan måte i punktet den forlèt sjøbotn. Ingen andre inngrep er planlagt i sjø.

5.2 Beskriving av verknader av de planlagde anlegga

5.2.1 Naturmangfald


NVE har gitt tilbakemelding på innsendt søknad (revisjon 02) der dei etterspør meir informasjon om mellom anna naturmangfold. Det er gjort miljøundersøkelse (forundersøkelse) av lokaliteten av DNV GL AS. Rapporten er datert 08.03.2019 og er vedlagt konsesjonssøknad (vedlegg 11).

Vidare er tiltaket godkjent etter Havne- og farvannslova (HFL). I denne prosessen er det også gjort vurderingar av naturmangfald, og offentlege instansar og berørte partar har gitt sine innspel. Etter vår vurdering vil legging av høgspent- eller lågspentkabel (allereie godkjend etter HFL) ha same påverknad på naturmangfald.

Det er gjort søk i Miljødirektoratet si kartløyning «Naturbase». Av søket går det fram at delar av trasè for sjøkabel vil liggje i gyteområde for torsk. Dette er nærare omtala i kapittel 5.2.7 Fiskeriinteresser.

Vidare er det markert 2 observasjonar nordvest på Grønholmane, av Ærfugl som raudlisteartar i kategori «Sårbar». Trasè for sjøkabel vil liggje søraust for holmane. Det er vurdert at den korte tida med utlegging av kabel frå båt ikkje vil påverke arten.

Utover dette er det ikkje registrert naturvernområde, viktige naturtypar, arter av nasjonal forvaringsinteresse, andre raudlisteartar, trua arter eller liknande i det aktuelle området.



Figur 6 - Utklipp frå Miljødirektoratets kartløyising Naturbase

5.2.2 Forureining, klima og miljømessig sårbarheit

Føremålet med installasjonen er å unngå bruk av dieselelektrisk kraftforsyning på flåten. Dette blir realisert ved å leggje sjøkabel frå land og ut til flåten. Eit slikt tiltak vil ikkje berre eliminere utslepp knytta til dieselelektrisk drift av fôrflåten, men legg og til rette for flåten som eit framtidig ladepunkt for elektriske/hybride servicefartøy, brønnbåtar, fôrbåtar og liknande.

Prosjektet er et klimatiltak der målsettinga er å erstatte / unngå fossilt brensel med fornybar elektrisk energi, og med det redusere klimautslepp.


Med bakgrunn erfaring frå drift av oppdrettslokalitet med dieselelektrisk kraftforsyning, kan ein estimere eit årleg forbruk av diesel på om lag 65.000 L/ år. Dette tilsvara 201 500 CO₂-ekvivalenter i eit livsløpsutslepp (1L diesel = 3,1 CO₂-ekvivalenter).

Med eit slik dieselforbruk kan ein anta 1 månadleg leveranse av diesel til flåte, der diesel blir frakta frå kai og ut til flåte med bunkringsbåt. Eit antatt dieselforbruk på 500L per leveranse med 12 leveringar per år, vil gje eit årleg dieselforbruk knytt til frakt på om lag 6000 L/år. Dette tilsvara 18 600 CO₂-ekvivalenter i eit livsløpsutslepp (1L diesel = 3,1 CO₂-ekvivalenter).

Samla sett vil ein ut frå dette ha eit potensiale ved elektrifisering til å redusere klimautslepp med 220 100 CO₂-ekvivalenter.

5.2.3 Kulturminne

Det blir ingen endring av visuelle verknader for kulturminne. Det blir ingen endring av direkte eller indirekte verknader på kulturminne.



Figur 7 - Utsnitt fra Riksantikvaren si kartløsning Kulturminnesøk

5.2.4 Landskap (dersom synlege anlegg eller terrenginngrep)

Sjå beskriving kapittel 5.2.1.

5.2.5 Sikkerheit, ferdsel eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatn

Oppdrettslokalliteten og sjøkabel ligg i område angitt som «Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø», benevnt som «K1 Manger». Forsvarsbygg har gitt uttale i saka i samband med søknad etter Havne- og farvannsloven 30.01.2025, og konkluderer med at det kan gis samtykke til legging av sjøkabel.

5.2.6 Sikkerheit og beredskap for de elektriske anlegga

Lingalaks har i dag avtale med Nettpartner som sakkyndig driftsleiar på andre høgspenningsanlegg. Som del av forespørsel på 22 kV leveransen er det medteke opsjon for avtale om sakkyndig driftsleiar. Denne posisjonen skal fyllast av ny eller eksisterande avtale før spenningssetting av anlegget.

5.2.7 Fiskeriinteresser

Fiskeridirektoratet har gitt uttale i samband med søknad etter HFL, datert 09.01.2025. Utklipp av viktigaste moment i deira vurderingar er gitt under:

«Fiskeridirektoratet vurderer at omsøkte trasé for sjøkabel ikke vil medføre et vesentlig konfliktpotensial med utøving av fiske på bakgrunn av opplysninger i søknaden. Vi forutsetter at kabelen legges ut kontrollert, og uten frie heng som kan medføre risiko for at fiskeredskap får hefte.

Trasé for sjøkabelen kommer i utkanten av gytefeltet som Havforskningsinstituttet har registrert i Hellosen...

Fiskeridirektoratet ser ikke at selve utleggingen av sjøkabel som beskrevet i søknaden vil medføre en vesentlig risiko i forhold til bevaring av gytefeltet. Når det gjelder arbeid med nedspyling av sjøkabel ved landtak, er vår vurdering at disse arbeidene bør utføres utenom torsken sin gytetid januar - april.»

Planlagd utførelse vil ta omsyn til Fiskeridirektoratet sine innspel. Vilkår om å ikkje utføre nedspyling av kabel i gytetida er også vidareført i løyve etter HFL frå Kystverket.

5.2.8 Eventuelle andre relevante virkninger

Ingen kjende.

Vedlegg

-  1_B101-B103 Situasjonsplan sjøkart Toska-B101 rev2
-  2_B101-B103 Situasjonsplan sjøkart Toska-B103 rev2
-  3_1_Kabeltrase Toska Sør
-  3_2_Kabeltrase Toska Sør.sos
-  3_3_Sjøkabel Toska Sør
-  3_B102 Situasjonsplan topografisk Toska-B102 rev2
-  4_Tillatelse_HFL
-  5_Fiskeridirektoratets uttalelse
-  6_Kulturminnefagleg uttale
-  7_Stratsforvalter_Fråsegn til søknad
-  8_Forsvarsbygg_Uttale
-  9_AlverKommune_Uttale
-  10_Lingalaks-Toska_Enlinje_planlagt utførelse
-  11_Rapport forundersøkelse Toska Sør (DNV-GL)
-  12_BKK_Toskavegen 190 - Anleggsbidragsbrev